

INITIATIV GJEV INTEGRERING

Mahdi Hassan frå Somalia blei godt teken imot i Fjellregionen i Hedmark og Sør-Trøndelag. No driv han Tynset judoklubb og sit i kommunestyret og i fagrådet til Distriktssenteret.

Mahdi Hassan kom til Tynset i 1995. Her bur han saman med kone og seks barn. Til dagleg underviser han på Tolga skule i nabokommunen.

Somaliaren er ein markant person i lokalsamfunnet. Han er blitt kåra til både «trollkjerring», årets førebilete og årets eldsjel. Han sit i kommunestyret, leier pleie-, omsorgs- og sosialkomiteen og Tynset internasjonale råd og sit i fagrådet for Distriktssenteret.

– Eg har nok utfordra systemet nokre gonger. Eg er veldig stolt av at Tynset har ein plan for integrering av innvandrarak. Det skulle kanskje vore sjølvsgt, men er det ikkje, seier han.

Statleg kontroll

– Kva er integrering, etter din definisjon?

– Å finne sin plass i det samfunnet du har kome til. Med språket opnar dørene seg, til utdanning, jobb og fritidsaktivitetar, seier han.



Mahdi Hassan er blitt ein markant person i Fjellregionen. Til dagleg underviser han på Tolga skule.

FAKTA

- Med i Fjellregionen er åtte kommunar fordelte på to fylke, med Tynset og Røros som jamstore regionsenter.
- Dei åtte kommunane er Røros, Tynset, Alvdal, Os, Holtålen, Follidal, Tolga og Rendalen.



– Vi tek imot flyktningar fordi det er rett og gjevande, seier ordførar Bersvend Salbu i Tynset kommune.

Mahdi Hassan utfordrar foreiningar til å få innvandrarar inn i styret.

– Det bør stå i vedtektene at innvandrarar skal ha slike verv. Foreiningar og lag heng svært langt etter når det gjeld integrering, seier han.

Han etterlyser òg statleg kontroll med korleis pengar til integreringsarbeid blir nytta.

– Berre introduksjonsprogrammet er obligatorisk. I grunnskulen blir det ført tilsyn med tilrettelegginga, men ingen har oversikt over tilbodet til vaksne innvandrarar. Her varierer kvaliteten veldig. Lukkast vi ikkje med å integrere foreldra, får vi heller ikkje gode resultat når det gjeld barna, seier Hassan.

Ord med omhug

Mahdi Hassan ventar at fleirkulturelle tek initiativ sjølve.

– Mange ressurssterke folk berre sit der. Til dei vil eg seie: Kom ut! Det nyttar ikkje å vente på at nokon skal kome og banke på døra. Ein må ta kontakt og gjere noko der ein kan.

Mahdi Hassan starta Tynset Judoklubb. Rundt 1 000 born har vore med opp gjennom åra.

– Eg har inga tru på eigne organisasjonar for fleirkulturelle. Det blir det lite integrering av. Ein skal òg vere medviten om kva ord ein bruker. Eg var fornøgd då Innvandrarrådet i Hedmark fylkeskommune endra namnet til Fleirkulturelt råd. Flyktningkonsulenten på Tynset har endra tittel til fleirkulturell koordinator. Det er mange etnisk norske som engasjerer seg i integreringsarbeidet, poengterer han.

Bullshit

Fjellregionen har lang tradisjon for å ta imot utlendingar, etter fleire hundre år med gruvedrift. Rundt 40 nasjonalitetar er no representerte.

– Eg avviser myten om at folk i utkanten er meir skeptiske til innvandrarar enn byfolk. Det er bullshit. Ja, skriv bullshit! Vi er vane med å vere i lag med allslags folk, på tvers av yrke, alder og fødestad, seier ordføraren i Tynset, Bersvend Salbu.

Han meiner kommunar bør ha eit godt mottaksapparat for alle, same kvar dei kjem frå.

– Alle har behov for at andre skal sjå dei og setje pris på dei. Det er nødvendig for å få tilflyttarar til å bli verande, seier Salbu.

Gjevande

Tynset kommune har hatt periodar då dei ikkje har busett flyktningar. No tek dei imot alle dei blir bedne om å ta imot, for tida 15 i året pluss familiesameiningar.

– Ein kommune kan ikkje gje seg til å vente på at dei skal få alt på stell for flyktningar. Då blir det aldri. Vi tek imot flyktningar fordi det er rett og gjevande, seier ordføraren.

Han vil gjerne at regionen dyrkar mangfald og det å vere annleis.

– Det er dei kulturane som får impulsar utanfrå, som overlever. Vi må ikkje vere redde for litt friksjon. Å sitje saman og alltid vere heilt einige og ha det koseleg kjem det ikkje stort ut av, kommenterer han.

Tekst: Hanne Løkås Veigård / Foto: Erik Veigård